

## Hornindal og Markane skyttarlag byd inn til Olsokstemnet 2023

**Stemnet startar onsdag 19. juli og held fram til søndag 23. juli.**

### **Program:**

**200 m:** Kl. 3-5 skyt 25 skot + Olsokskytinga (5 kne, 5 liggande og 5 ståande, skote i ein serie på 4 minutt).

Kl. 2, V55 skyt 25 skot + Olsokskytinga (5 kne, 5 ligg og 5 kne, skote i ein serie på 4 min.)

Open klasse: 25 skot Valgfri stilling + Olsokskytinga (5 kne, 5 ligg og 5 kne, skote i ein serie på 4 min.)

Kl.1 skyt 25 skot + Olsokskytinga (15 ligg på 4 min)

Kl. Kikkertklassen, HK416 skyt 25 skot + Olsokskytinga (15 ligg på 4 min)

**100 m:** Fullt DFS-normalprogram, 35 skot meisterskap. NV og NU 25 skot.

**Inniskot** Etter vedtekter i samlaget + kr. 70,- for Olsokskytinga.

Klasse 1-5, V55 , Å, Kikkertklassen og HK416: kr. 150,- (premie 75 + arr.avg 75) + kr. 70,- for Olsokskytinga

Klasse V65 og V73: kr. 150,- (premie 75 + arr.avg 75)

Klasse R, ER, J, EJ, NU og NV : kr. 80,- (premie 40 + arr.avg 40)

### **Premiering**

200 m: 1/3 premiering av 15 skot + 10 skot. Olsokskytinga med eigne dreia trefat.

100 m: 1/3 premiering av 15 skot + 10 skot for veteran.

50 % premiering av 15 skot + 10 skot for Rekrutt, junior og NV klassane.

I klasse NU 100% premiering med gjenstand.

Dei to beste på meisterskapen får eigen premie, vinnar av Olsokskytinga får Einar Øen's minnepremie.

Meisterskapsmedaljer for klasse 3-5 og aldersbestemte klassar. Øvrige klassar medalje v/min.5 deltararar.

**Lag skyting:** Olsokpokalen vart vunne til odel og eige i 2018 av Hyen skyttarlag. **Ny pokal vart sett opp i 2019.**

Pokalen går over 5 år, frå 2019 t.o.m. 2023 **Inniskot kr. 500,- per lag.** Dei 3 beste laga kvart år får Hallvard Sindre's minnemedalje (gylt, sølv og bronse). Kvart lag **kan** bestå av 2 skyttarar frå klasse 3 -5 og 1 skyttar frå klasse 2 eller V55. Vi håpar at dette kan vere ein stimulans til at fleire lag deltek.

**Sparebankpokalen:** Sølvpokal sett opp på meisterskap 200 m kl. 3 - 5. Pokalen går over 5 år. Førre pokal vart vunnen til odel og eige av Bjarne Muri i 2022. **Ny pokal vert sett opp i 2023. Går frå 2023 - 2027**

**Sunnylven skyttarlag arrangerer banestemne i same tidsrom.**

**Kontakttelefon:** Hornindal og Markane: 90035489 , Sunnylven: 40918671

**Vi ynskjer skyttarane velkomne til Olsokstemnet 2023**

Påmelding på [www.dfs.no](http://www.dfs.no) eller på bana. Sindre Skytebane <http://kart.gulesider.no/m/nWaCN>